



Lovvedtak 110

(2016–2017)

(Første gangs behandling av lovvedtak)

Innst. 387 L (2016–2017), jf. Prop. 89 L (2016–2017)

I Stortingets møte 8. juni 2017 ble det gjort følgende

vedtak til lov

om endringer i transplantasjonslova mv. (gjennomføring av organhandelskonvensjonen i norsk rett)

I

I lov 22. mai 1981 nr. 25 om rettergangsmåten i straffesaker skal § 67 andre ledd bokstav c etter «lakse- og innlandsfiskeoven § 49 første ledd andre punktum» lyde:

forurensningsloven § 79 tredje ledd og transplantasjonslova § 23 a.

II

I lov 7. mai 2015 nr. 25 om donasjon og transplantasjon av organ, celler og vev gjøres følgende endringer:

§ 1 nytt andre punktum skal lyde:

Formålet med lova er også å forebygge og kjempe mot handel med menneskeorgan.

§ 2 første ledd skal lyde:

Lova gjelder for alle ledd i prosessen med donasjon og transplantasjon av levande humane organ, celler og vev til eit anna menneske. Lova gjelder også for organ som er tatt ut i strid med reglane i §§ 5, 6, 7, 10, 12, 13, 16 eller 20 og tilknytte handlingar. Lova gjelder ikkje for celler og vev som blir brukt i samband med forplanting (germinale celler og vev), blod, blodkomponentar, blodprodukt og humane organ, celler og vev som berre blir brukt i forskning.

§ 20 skal lyde:

§ 20 *Forbod mot kommersiell utnytting*

Det er forbode å ta ut, sette inn eller bruke menneskelege organ, celler eller vev for å oppnå økonomisk vinning eller utilbørleg fordel, samt å krevje, tilby, ta imot eller gi slik vinning eller fordel.

§ 22 andre punktum skal lyde:

For avgjerder etter §§ 9 og 18 gjeld pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 7.

§ 23 skal lyde:

§ 23 *Pålegg og administrative sanksjonar*

Spesialisthelsetjenesteloven §§ 7-1 og 7-2 gjeld tilsvarande ved brot på transplantasjonslova eller forskrifter som er gjevne med heimel i lova.

I kapittel 4 skal ny § 23 a lyde:

§ 23 a *Straff*

Den som forsettleg eller grovt aktlaust bryt reglane i §§ 5, 6, 7, 10, 12, 13, 16, 17, 19 eller 20, eller i forskrifter som er gjevne med heimel i dei, blir straffa med bøter eller fengsel inntil 2 år. Det same gjeld den som brukar, kjøper, klargjer, preserverer, lagrar, transporterer, overfører, tar imot, innfører eller utfører organ som er tatt ut i strid med reglane i §§ 5, 6, 7, 10, 12, 13, 16 eller 20.

Påtale skal finne stad dersom Statens helsetilsyn krev det. Elles gjeld straffeprosessloven § 62 a.

I kapittel 4 skal ny § 23 b lyde:

§ 23 b *Straff for grove brot*

Grove brot på §§ 5, 6, 7, 10, 12, 13 eller 20, eller på forskrifter som er gjevne med heimel i dei, blir straffa med fengsel inntil 6 år.

Ved avgjerda av om brotet er grovt skal det særleg leggjast vekt på om den som blei utsett for handlinga, var under 18 år, om det blei brukt grov vald eller tvang og om handlinga har ført til betydeleg utbytte. Den som var uvitande om at den fornærma var under 18 år, blir straffa dersom vedkommande på noko punkt kan klandrast for å ikkje ha kjent til dette.

Påtale skal finne stad dersom Statens helsetilsyn krev det. Elles gjeld straffeprosessloven § 62 a.

III

I lov 7. mai 2015 nr. 26 om obduksjon og avgjeving av lik til undervisning og forskning gjøres følgende endringer:

§ 16 skal lyde:

§ 16 *Pålegg og administrative sanksjonar*

Spesialisthelsetjenesteloven §§ 7-1 og 7-2 gjeld tilsvarande ved brot på obduksjonslova eller forskrifter som er gjevne med heimel i lova.

I kapittel 4 skal ny § 16 a lyde:

§ 16 a *Straff*

Den som forsettleg eller grovt aktlaust bryt reglane i §§ 7, 8, 9, 10, 11 eller 14, eller i forskrifter som er gjevne med heimel i dei, blir straffa med bøter eller fengsel inntil 3 månader.

Påtale skal finne stad dersom Statens helsetilsyn krev det. Elles gjeld straffeprosessloven § 62 a.

IV

I lov 20. juni 2008 nr. 44 om medisinsk og helsefaglig forskning gjøres følgende endring:

§ 21 skal lyde:

§ 21 *Forskning på humant biologisk materiale fra døde*

For forskning på biologisk materiale som tas ut fra avdøde, gjelder obduksjonslova § 7 første til tredje ledd om informasjon og nærmeste pårørendes rett til å nekte obduksjon mv.

V

Loven gjelder fra den tid Kongen bestemmer. Kongen kan sette i kraft de enkelte bestemmelsene til forskjellig tid.

Olemic Thommessen

president